



Årsmelding 2019

ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger

UNIVERSITETSMUSEUM SIDEN 2009





Universitetsmuseet Arkeologisk museum (AM)

har som samfunnsoppdrag å bygge opp, drive og vedlikehalde vitenskaplege samlingar og publikumsutstillingar. Museet sine vitenskaplege samlingar skal vere tilgjengelege for nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. Formidling er eit prioritert område, og det er nettopp forskingsbasert formidling, irekna allmennretta formidlingstiltak av våre samlingar, som er målet. I tillegg har museet omfattande forvaltingsoppgåver i medhald av kulturminnelova.

Universitetsmuseum i 10 år

Museet gjekk inn i universitetet med store forhåpningar, men òg med ein viss skepsis. Det ein nok var mest spent på, var korleis det skulle gå med museet si formidling, som ein såg på som nyskapande og spennig. No, etter 10 år, må vi kunne slå fast at museet har hatt nokre gode år som universitetsmuseum. Vi har funne plassen vår blant dei andre universitetsmusea, og ikkje minst er vi godt forankra i Universitet i Stavanger. Og som denne årsmeldinga syner, har vi dedikerte tilsette som leverer kvalitet på alle museet sine område.

Innanfor forskinga kan vi vise til særst tilfredsstillande resultat. To av tre søknader til Noregs forskingsråd sine fri prosjektstøtte-midlar (NFR-FRIPRO) vann fram. Det er fyrste gongen Arkeologisk museum har fått tildelt slike midlar frå Forskningsrådet. Vi er òg stolte av at museet i 2019 fekk ein ny professor.

Besøkstala viser at vi tek rolla som kunnskapsformidlar på alvor, med gode og varierte tilbod tilpassa ulike publikumsgrupper. På Jernaldergården på Ullandhaug har formidlinga fått vesentleg betre rammer etter at det ny-rekonstruerte langhuset vart opna på ettervinteren. På slutten av året vart utstillingane i museet på Våland stengde for å gå gjennom ei storstilt ombygging. Nye og mo-

derne bronsealder- og vikingtidsutstillingar vil stå ferdige våren 2020.

Til liks med dei seinare åra har det òg i 2019 vore eit høgt aktivitetsnivå både innan lov-pålagde arkeologiske undersøkingar og innan den eksterne konserveringsverksemda ved museet. Prøveprosjektet i samband med ny E39 er truleg det største prosjektet nokosinne i Rogaland, og her vert ny forvaltingspraksis prøvd ut. Museet har òg teke i bruk geofysiske metodar som gjev oss ny kunnskap.

Som kulturminneforvaltar skjøttar vi oppgåvene våre på beste måte. Eit viktig tiltak var å få på plass eit nytt kompaktmagasin, noko som gjer magasinet sikrare og gjev oss større plass. Sjølv om det meste av gjenstandstilkveksten kjem frå dei arkeologiske utgravningane, får vi òg mange og flotte funn frå metallsøkarmiljøa i fylket. Det er gledeleg at vi dette året fekk gjort ein ekstra innsats for å få konserverte restansar innan denne funn-gruppa. I 2019 vann museet konkurransen om å restaurere kyrkjeinventaret i Stavanger domkyrkje. Med dette har vi både ansvar for restaureringa av steinarbeidet og kyrkjeinventaret i Domkyrkja fram mot 2025.

I sum var 2019 eit aktivt år der fleire av fagmiljøa ved museet har sett ytterlegare fart, og der vi endå tydelegare har forankra stillinga vår som universitetsmuseum.

Stavanger 19.03.2020


Axel Christophersen
styreleiar


Ole Madsen
direktør

Samfunnskontakt

Aktuelt og publikumsvenleg museum

Skuletenesta hadde rekordbesøk, med over 13 300 skuleelevar og barnehagebarn som fekk undervising og deltok i aktivitetar på Arkeologisk museum og på Jernaldergården. Både på vårparten og om hausten vart det gjennomført skuleopplegg gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) i nordfylket. På Jernaldergården er det utvikla eit nytt tilbod til elevar med særskilde utfordringar, kalla «Sanselig jernalder, livet før og nå». Nærare 7000 personar deltok på utleige arrangement på Jernaldergården og AM.

Over 700 besøkande fann vegen til Jernaldergården då det rehabiliterte langhuset sto ferdig etter omfattande arbeid og vart opna igjen for publikum 10. februar. Huset, det lengste av dei tre rekonstruerte husa (Hus 3), har fått namnet «Husfruas hall» og er innreidd og utstyrt slik ein tenkjer seg at det var då folk budde i huset i folkevandringstid. I november vart det arrangert eit kurs i kvitkalking på Jernaldergården, der mellom anna elevar frå Godalen vidaregåande skule tok del.

For 250 år sidan vart seks store sølvhalsringar funne i Hjelmeland, og innleverte til Kunstammeret i København. I samband med 250-årsjubileet for denne hendinga fekk museet låne fem av ringane frå Nationalmuseet i København for å stille dei ut dei neste fem åra. Det var stor «Ringfest» i Hjelmeland 23. august, der «Spelet om sølvringane» vart framført av Hjelmeland Teater for dei mange framtmøtte, og alle elevane på 4. - 7. trinn i kommunen fekk vere med på eit spesiallaga opplegg.

Det vart sett i gang store arbeider i utstillingsareala på hausten dette året. Fleire mindre utstillingar er flytte eller tekne ned for å gje plass til den nye bronsealdermodulen som er i ferd med å byggast opp, og som skal opne våren 2020. I desember vart utstillingane på museet stengde for publikum for å kunne arbeide med oppsetting av den nye utstillinga. Samstundes heldt Jernaldergården ope dagleg denne månaden med juleverkstad og undervisningsopplegget «Jol i langhuset» for skular og andre som besøkte museet.

Det vart halde 14 populærvitskapelege tisdagsforedrag med emne innan kulturhistorie og naturvitskap. Som eit ledd i markeringa av at museet har vore del av Universitetet i Stavanger (UiS) i ti år, hadde vi invitert inn fleire forskarar frå ulike fakultet som fortalde



om si forskning. Det vart òg laga ei utstilling i biblioteket av publikasjonar som museet sine forskarar hadde gjeve ut desse ti åra. Utstillinga vart opna med forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø til stades. Fire

nummer av tidsskriftet «Frå haug ok heiðni» vart publiserte. Totalt 4600 personar tok del i årets «Museumsnatt» - eit felles arrangement mellom Arkeologisk museum og Museum Stavanger (MUST).

Årsstatistikk

		2017	2018	2019
Publisert	AmS-Småtrykk	0	3	2
	Frå haug ok heiðni	4	4	4
	Aktivitetsskalendrar	2	2	2
	Utstillingsguidar	2	1	0
	Faldarar	7	2	2
Utstillingar (nye)	Eigenproduserte	5	3	1
	Innlånte	0	1	1
Besøk	Ordinære besøk Arkeologisk museum (AM)	31 315	27 812	27 032
	Ordinære besøk Jernaldergården (JAG)	15 671	23 034	20 885
	Skuleelevar AM og JAG	9 031	11 843	13 386
	Andre stader i regi av AM	1 052	2 874	1 364
	Samla besøk	57 069	65 563	62 672
Publikumstilbod	Omvisingar AM og JAG (skuleklasser ikkje medrekna)	369	818	725
	Utstillingsopningar	2	1	2
	Aktivitetsdagar	238	264	316
	Foredrag	14	14	14

Forståing for kulturminnevern

Mykje av arbeidet med å auke forståinga for kulturminnevern skjer i direkte kontakt med publikum i feltsituasjonar. Arkeologisk museum har alltid høge ambisjonar for formidlinga i felt, men det er ikkje alltid at vi får til alt vi ønsker. Det avheng sjølvsagt av kvar utgravinga ligg, kor lenge utgravinga varer, og om typen utgraving eignar seg for formidling. I 2019 vart vårt hovudfelt i så måte utgravingane på Jåttå, nær Stavanger. Skular nær utgravingsfeltet vart inviterte på besøk, og formidlingsavdelinga laga eit godt opplegg som elevane fekk ta del i.

Spesielt for året var at vi på Jåttå kunne tilby eit opplegg der elevar med nedsett høyrse fekk tilpassa omvising. Utgravingane vert òg, både undervegs og i etterkant av utgravingane, formidla gjennom blogginnlegg publiserte på Norark.no, i sosiale medium, samt ved at somme av prosjektleiarane har gjeve foredrag for lokale historielag eller levert artiklar til museet sitt tidsskrift *Frå haug ok heiðni*. Felt-sesongen vert òg alltid presentert på det siste tysdagsforedraget i året på museet. Gjennom feltformidling på mange plattformer når vi eit stort publikum og mange interesserte.

Nettverk og partnerskap

Ei rekke av museet sine tilsette tek aktivt del i ulike nettverk nasjonalt og internasjonalt, både innan ulike forskingsprosjekt og andre museumsrelaterte område. Deltakarane i nettverka bidreg til forskinga ved AM gjennom publikasjonar, konferansedeltaking, bidrag til forskarforum ved eigne og inviterte forskarar, søknadar til NFR-program samt formidling.

DELTAING I UIS SINE PROGRAMOMRÅDE INNAN FORSKING:

- **ARI** (Animals mediating the Real and the Imaginary)
- **BEAM** (Biological Environmental and Archaeological inter-disciplinary research on life-course, Material and materiality in human depositions)
- **ICoRe** (Intertwined and integrated. Cross-disciplinary studies of prehistoric Relations)
- **Greenhouse** - tverrfakultært programområde innanfor «environmental humanities»

DELTAING I EKSTERNE FORSKINGSNETTVERK:

- **Expanding horizons** er ei vidareføring av Buried things, og har saman med University of Iceland, Universitetet i

Bergen, Greenland National Museum, Institute of Archaeology Iceland fått støtte frå NOS-HS Workshop Grant 2018-2020. Nettverket Buried things arbeider med ein publikasjon basert på ein workshop på Island i 2016.

- **MEDHEAL600** - Medieval Urban Health - From Individual to Public Responsibility, AD 1000 - 1600. Prosjekt organisert av NTNU med oppstart i 2017.
- **Sachsensymposiet**. Internasjonalt forskingsnettverk for studiet av folkevandringstid i Nord-Europa.

DELTAING I MUSEUMSNETTVERK

Nasjonalt og internasjonalt:

- De arkeologiske museene (DAM)
- Universitets- og høgskolerådets museumsutvalg (UHR-M)
- Norges museumsforbund (NMF)
- International Council of Museums (ICOM)
- International Council on Monuments and Sites (ICOMOS)
- Destination Viking Assosiation

Universitetet i Stavanger er sidan 2009 medeigar i *Universitetsmuseenes IT-organisasjon (MUSIT)* og har faste representantar i koordineringsgruppa for kulturhistorie samt i dei ulike fag- og referansegruppene. Gjendandar og foto frå Rogaland finst i basen unimus.no

Regionalt og lokalt:

Arkeologisk museum har eit godt samarbeid med dei andre musea og reiselivsaktørane i regionen. Vi tek del i *Barnas Rogaland* - eit samarbeid om marknadsføring av familieaktivitetar i Rogaland.

Museumsbyen Stavanger er eit billettsamarbeid mellom MUST, Norsk Oljemuseum og Arkeologisk museum i sommarsesongen.

Media og kommunikasjon

Arkeologisk museum og Jernaldergården har hatt mange store medieoppslag, spesielt i aviser, i 2019. Sølvringane frå Hjelmeland, som vi fekk låne frå Nationalmuseet i København, fekk ei rekke oppslag både lokalt og regionalt, og var òg både på TV og radio.

Media har vist interesse for arbeida som vert utførte på Stavanger domkyrkje, og arkeologiske undersøkingar får alltid merksemd - spesielt lokalt.

UIS er deleigar i forskning.no, som er Noregs største nettstad for forskingsnyheiter. På

forskning.no presenterer Arkeologisk museum forskingsresultat og kronikkar i ein populærvitskapeleg form. Nasjonalt markerte vi oss tidleg på året med ein kronikk på forskning.no som førte til ein god debatt om framstillinga av kjønnsroller i forhistoria.

Museet er med på å drifte norark.no saman med dei andre universitetsmusea som utfører arkeologiske undersøkingar. Norark er ein blogg der prosjektleiarar og andre feltilsette leverer stoff frå små og store utgravingar. I år har vi hatt litt færre utgravingar enn tidligare, noko som har resultert i færre innlegg i denne kanalen.

I 2018 vart det skrive ein kommunikasjonsstrategi, og i 2019 byrja arbeidet med å lage en marknadsplan ut i frå denne. Dette arbeidet held fram i 2020.

Nettsida vår, am.uis.no, hadde ein stor oppgang i talet på vitjingar frå 2018 til 2019 etter eit arbeid med digital synliggjerding. Dette året har vi merka ein liten nedgang, men det er starta eit arbeid med ny nettside som vert lansert i 2020 - noko som skal føre til at museet vert meir synleg digitalt.

På TripAdvisor er vi rangert som nummer fire av alle musea i Stavanger og omland, basert på meldingar frå gjester. Jernaldergården er rangert som nummer åtte av 21 turistattraksjonar i regionen. Arkeologisk museum har ei aktiv Facebook-side, og vi er òg på Instagram og Twitter. I 2019 kom òg kafeen vår, kafé Ask og Embla, på Instagram. Talet på følgjarar aukar jamt og trutt i alle kanalane våre på sosiale medium, og det er svært få som sluttar å følgje oss.

Heimeside og sosiale medium	2017	2018	2019
am.uis.no	42 292	63 914	51 651
Facebook AM	5 379	5 742	6 073
Facebook JAG	1 514	2 043	2 384
Instagram AM	2 586	2 846	3 179
Instagram JAG	-	1 246	1 374
Instagram Kafé Ask og Embla (ny 2019)	-	-	105
Twitter	-	1664	1870
Blogginnlegg på Norark	24	19	8

Oppslag i ulike medium	2017	2018	2019
Papir, nett, radio og TV	90	82	83

Vern for framtida

Forsking og utvikling

AM har i 2019 hatt tre programområde for forskning (sjå omtale under overskrifta Nettverk og partnerskap). Desse har bidrege til forskinga ved AM gjennom publikasjonar, konferansedeltaking, bidrag til forskarforum ved eigne og inviterte forskarar, søknader til NFR sitt program FRIPRO, samt formidling ved museet. Forskarar ved AM deltek dessutan òg i fleire interne og eksterne nettverk.

Det vart utforma tre søknader til NFR-FRI-PRO (Fri prosjektstøtte). To av prosjekta vann fram, og museet fekk tildelt 20 millionar kroner til desse to store forskingsprosjekta. Det er fyrste gongen AM har fått tildelt slike midlar frå Noregs forskingsråd. Prosjekta som vart støtta er «The Storegga tsunami c. 6150 BC – a wave of destruction or transformative disruption for a prehistoric society?» og «Future preservation of past life: A multidisciplinary investigation into preservation of ancient biological remains from medieval cemeteries».

Det vart utarbeidd to EU-søknader til Marie Curie Mobilitetsstipend for å opprette postdoc-stillingar til to eksterne forskarar, og den eine av desse fekk støtte. Vidare var AM vertskap for ein søknad om postdoc på 9 månader til Fulbright som fekk støtte.

Det vart avhalde i alt 14 forskarforum vår og haust, der ni av foredragshaldarane var inviterte gjesteforelesarar frå andre institusjonar i inn- og utland. I tillegg vart det avhalde to heildagsseminar, «Arkeologidagen» og «EAA møter Sachsensymposiet». Arkeologikonferansen SMIA (Scientific Methods in Archaeology) vart avhalden i januar.

Forsingsleiar og direktør tildelte driftsmidlar for forskning basert på søknader, og ein av våre forskarar vart tildelt forskingstermin. Vidare vart det gjeve eit stipend på 14 veker til ein tilsett som ikkje har forskingstid i stillinga si.

Ein av museet sine forskarar blei tilkjend professorkompetanse i 2019. To nye forskarar ved AM er tekne opp i vidareføringa av UiS-prosjektet «Kvinner til topps – Universitetet i Stavanger i balanse og bevegelse». Prosjektet skal stimulere til kjønnsbalanse i professorstillingar ved UiS.

AM har i 2019 hatt fire tilsette stipendiatar. Museet fekk tildelt ei mellombels stilling finansiert gjennom sentralt akkumulerte midlar ved UiS. Stipendiatane arbeider innan fagmiljøa museologi, arkeobotanikk og arkeologi. AM tilsette ein postdoc i arkeologi gjennom akkumulerte midlar, som har oppstart 01.01.2020. To nye stipendiatar vart tilsette med oppstart januar 2020.

Ein forskar ved AM har vore knytt til undervisninga ved UiS innanfor risikovurdering/samfunnsikkerheit, og ein annan har undervist på kurs i samfunnsfag på lærarutdanninga ved UiS.

Fleire av forskarane rettleier på ph.d.-nivå og fungerer som eksterne sensorar på både master- og bachelornivå ved dei andre universiteta.

Saman med nettverk for kjønnsforskning, UiS utarbeidd AM forskarskulen ITEM (Forskarskule i radikal tverrfagkunne: Inequalities, Temporalities, Existences, Materialities).

Det vart gjennomført to ph.d.-kurs frå AM sin kursportefølgje, PHD901 og PHD802.

AM Forlag gav ut ein publikasjon i serien

AmS-Skrifter, ein i serien AmS-Varia samt ei e-bok i 2019.

Sikring av kjelder

Arkeologisk museum har etter Lov om kulturminne ansvar for å forvalte gjenstandar og naturvitskapeleg materiale frå førhistorisk tid og mellomalder i Rogaland fylke, samt dokumentasjon knytt til dette. Bevaring, samt å gjere samlingane tilgjengelege, har høg prioritet ved museet.

I 2019 heldt ein fram med det omfattande prosjektet som omhandlar sikring av kjeldene, dvs. å revidere gjenstandane og naturvitskapeleg materiale i magasinane, katalogisere eldre restansar, samt digitalisere foto og dokumenter i vitskapeleg arkiv. Revisjonen av det kulturhistoriske magasinet (del 1, hovudprosjektet) vart ferdigstilt i 2018. Ein heldt fram med del 2 i 2019, samstundes som ein henta fram og katalogiserte ein del eldre restansar. Tidligere år er alle dias og glasplater/nitratfilm digitaliserte, og no er òg arbeidet med rullefilmene ferdigstilt, m.a.o. er arbeidet med å digitalisere analoge foto i bildearkivet avslutta.

Storparten av samlinga sin tilvekst av gjenstandar og naturvitskapeleg materiale stammar frå arkeologiske undersøkingar. Frå privatpersonar vart det òg levert inn ei rekke gjenstandar som gjev ny kunnskap om Rogaland si førhistorie. Spesielt kan nemnast tre såkalla insulære beslag frå vikingtid – vakkert dekorerte beslag, belagde med gull, til å feste på bøker eller skrin. Dei vart produserte på Dei britiske øyane, og då særleg Irland. Slike beslag vart fjerna frå der dei var festa, og knekte opp i mindre delar. Dei vart så gjorde om til



Forsking i tal	2017	2018	2019
Vitskapelege nasjonale publiseringar	13*	22*	22*
Internasjonale publiseringar	15	24	17
Vitskapelege foredrag	52	42	36
Publiseringspoeng	16	40,4	17,1
Kongressar/seminar på museet	1	2	1
Gjesteforelesingar på museet	14	16	14
Verv i internasjonale komitear	1	1	1
EU-søknad	1	1	2
NFR-søknad	2	3	3

*inkludert forskingsrapportar.



4

smykke, eller som i eit tilfelle til eit vektlodd, ved at bly vart lodda på på baksida av beslaget. To av beslaga vart funne i Stavanger og eit på Karmøy.

I tillegg kom det inn ei rekke myntar frå mellomalderen frå Karmøy, Rennesøy, Kvitsøy og Randaberg. Myntane er frå Noreg/Danmark, England og Tyskland. Av andre funn kan nemnast ein liten betalingsring i gull frå eldre jernalder, funnen på Haga i Karmøy saman med mange spenner og spinnehjul frå jernalder og mellomalder. Typisk for alle desse funna er at dei er gjorde ved metall søking. I 2019 fastsette Riksantikvaren (RA) nye nasjonale retningslinjer for utbetaling av finnarløn til privatpersonar, og museet la ned eit stort arbeid i å gje tilrådingar til RA i desse sakene.

For å auke plassmengda og tryggleiken i det kulturhistoriske magasinet, vart det i starten av året montert kompaktmagasinmodular i den delen av magasinet der det var for kort avstand mellom sprinklaranlegget i taket og magasin skapa. Eit stort arbeid vart lagt ned i å pakke ned gjenstandane, fjerne eldre skap og ikkje minst legge gjenstandane på plass i dei nye skapa og notere ny plassering i databasen.

For å få ein betre og meir effektiv forvaltning av samlingane, har universitetsmusea sin IT-organisasjon (MUSIT) sett i gang arbeid

med å utvikle ein ny IT-arkitektur. Alle universitetsmusea er involverte i arbeidet, og fleire av museet sine tilsette har teke del i ulike fag- og referansegrupper. Prosjektet



5

«Felles kvalitetssystem for universitetsmuseenes samlingsforvaltning», initiert av Universitets- og høgskolerådet (UHRM), vart ferdigstilt i 2018, og museet utarbeidde i 2019 nye rutinar som skal implementerast i organisasjonen i 2020. Noregs forskingsråd har løyvd middel til prosjektet Archaeological digital excavation data (ADED), der føremålet er å konvertere eldre digital dokumentasjon til tilgjengelege og sikre format. I prosjektet, som byrja i 2018, deltek fire av dei fem arkeologiske universitetsmusea. I 2019 vart fleire arbeidspakkar gjennomførte for dei digitale prosjekta, og vidare vart dataflyten mellom organisasjonane klargjort.

Rogaland er eit av områda i landet med flest bergkunstlokalitetar. Det er registrert om lag 110 felt med figurar og/eller skålgroper på fast fjell og lausblokkar ute i landskapet; det første vart dokumentert så tidleg som i 1866.

Bergkunst er ein sårbar kulturminnetype som er spesielt utsett for forvitring og menneskeskapte skadar. Dokumentasjon, riktig skjøtsel og tilrettelegging er difor nøkkelen til framtidig bevaring. Dette vart, saman med ulike FoU-tiltak, utført for 33 av lokalitetane, finansiert gjennom tilskot frå Riksantikvaren.

Rådgjevar og aktør innan kulturminnevernet

Feltsesongen 2019 vart mindre omfattande enn 2018-sesongen. Men, med fleire seint innkomne og gjennomførte prosjekt, og prøvprosjektet «E39 – Arkeologi på nye veier», fekk fornminneavdelinga likevel eit aktivt år. Vi gjennomførte til saman sju regulære utgravingsprosjekt. Dei to største var undersøkingar av busetnadsspor på Jåttå i Stavanger og røysfeltet på Auklend i Strand kommune. Då torva vart fjerna på feltet på Auklend, syntet seg at røysfeltet hadde dobbelt så mange røysar som dei som var synlege før oppstart. I Rogaland har vi no mange røysfelt av same sort: lite funn, men med tydeleg og medviten oppbygging av sjølv røysa. I tillegg grov vi ulike sikringsprosjekt, der målet var å sikre kunnskapspotensialet til kulturminne som er øydelagde, eller i ferd med å bli det.

I 2019 begynte museet samarbeidet med Rogaland fylkeskommune kring Rogaland fylke sitt kanskje største prosjekt nokosinne, tilknytt Nye Veier AS si planlagde utbygging av E39 Ålgård-Ualand. Prosjektet er eit prøvprosjekt der kulturhistoriske registreringar og arkeologiske utgravingar skjer parallelt. Målet er ei raskare klargjering av vegtraseen, å korte ned tida brukt til sakshandsaming samt å forenkle saksgangen.

Vi har dette året fornnya Arkeologisk museum sine metodar gjennom å ta i bruk geofysiske undersøkingar ved hjelp av bakke-radar før utgraving. Prosjekta vert drivne delvis som forskning, men er òg finansierte via ulike tiltakshavarar. Ved å teste metoden på område som uansett skal utgravast, har Arkeologisk museum no høve til å bygge opp ny kompetanse gjennom å kunne avkrefte eller verifisere resultatata fortløpande.

Det er handsama eit breitt spekter av ulike dispensasjonssaker, og vi har vore rådgjevar for både Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune. Mykje av arbeidskvardagen i kulturminneforvaltninga handlar òg om å halde kontakten med tiltakshavarar, grunneigarar, og entreprenørar. Særleg møter arkeologane mange lag av folkesetnaden i Rogaland når dei er ute i felt.

Det var 23 fast tilsette på fornminneavdelinga i 2019. Dei fast tilsette prosjektleiarane, saman med 14 tilsette feltarkeologar i mellombelse stillingar, har gjennomført 11 ulike undersøkingar i 2019.

Konservering

Det gjekk med eit konservatorarbeid til konservering av nye funn frå utgravingane. I tillegg vart det satsa ekstra på å auke



– Vi setter stor pris på å få et aktivt museumsmiljø som en del av UiS. Begge institusjonene er sterke innen historie, kunst og kultur, og med museets kompetanse innen formidling og dets sentrale lokalisering, vil universitetet få et nytt utstillingsvindu i sentrum, sier Mikkelsen.

Dåverande UiS-rector Aslaug Mikkelsen på UiS sine tilsettesider 24.6.2008

konserveringskapasiteten på såkalla lausfunn, oftast metalldektefunn, leverte til museet frå privatpersonar. Det har diverre bygd seg opp store restansar innan denne funngruppa dei siste åra. I 2019 engasjerte vi mellom anna to sommarvikarar med bachelorgrad i konservering frå Konservatorskolen i København til denne oppgåva, noko som var vellukka. Av totalt 711 registrerte lausfunn er det på slutten av 2019 konservert 385 gjenstandar, og det er difor fortsatt eit stort behov for dette arbeidet.

Konserveringsarbeidet knytt til magasinrevisjonen og nye faste utstillingar har gått som planlagt. Vi har òg hatt botanikkoppdrag, mellom anna frå MUST (Museum Stavanger), om registrering og identifisering av raudlistearter av lav og mose på steingjerde på Utstein kloster.

Steinkonserveringspersonalet har primært vore engasjert i restaureringsoppdrag av klebersteinen på Stavanger domkyrkje. Dette totalt niårige oppdraget skal vere avslutta innan 2025, i samband med 900-årsjubileet for kyrkja og Stavanger by. Det praktiske konserveringsarbeidet fortset framleis på den austvende fasaden av koret, frå stillaset der, samt i «bygghytta». Bygghytte er eit mellomaldersk verkstadkonsept knytt til større steinkatedralar og liknande i Europa. Hjå oss er det ein moderne brakkerigg med to små verkstadlokale, lagringsplass for stein under tak, dokumentasjonsrom og spiserom etc., samt eit gardsrom der ein kan gjere utandørs steinarbeid, demonstrere

tradisjonelt bygghandverk og utføre andre formidlingstiltak.

Museet fekk, etter søknad til Riksantikvaren, tilskot til å bygge kalkovn for å gjennomføre kalkbrenning. Dette skal skje i samarbeid med mellom anna Engøyholmen kystkultursenter.

I tillegg til Domkyrkje-prosjektet, har vi innan same fagområdet fått i oppdrag frå Riksantikvaren å lage ei støtte for bautasteinen «Langsteinen» frå Steigen kommune i Nordland fylke, slik at han kan setjast opp att sommaren 2020.

I 2019 vann malerikonserveratorane våre konkurransen om å restaurere kyrkjeinventaret i Stavanger domkyrkje, eit prosjekt som vil halde fram til 2025. Elles heldt arbeidet i tråd med rammeavtalen med Stavanger kunstmuseum, MUST, fram, med mellom anna utstillinga *Inn i skogen ut i lyset. August Cappelen og Lars Hertervig*. Vi har òg arbeidd innan rammeavtalen med Riksantikvaren når det gjeld konservering av limfargedekor i automatisk freda kyrkjer i heile landet. Det betyr mellom anna at vi kan fullføre konserveringa av det limfargedekorerte interiøret i Årdal gamle kyrkje, som vi gjorde eit forprosjekt på i 2017. Det er gjennomført bygningsgranskningar både på Thranegården og Skeianetunet i Sandnes. Arbeid med tre presteportrett frå Nedstrand kyrkje i Tysvær kommune starta i 2019 og held fram i 2020. Restaureringa av altertavla i Randaberg kyrkje samt fargegranskningar i kyrkerommet starta for alvor opp i 2019, men held òg fram i 2020.

Samlingar

Planarkiv/topografisk arkiv

	2017	2018	2019
Registrerte dokument	882	783	953

Bildearkiv

Bildedatabase (bestand, skanna og nye bilde)	153 344	170 184	199 351
Web-publiserte bilde (bestand)	119 038	135 367	152 492

Objekt

Talet på museumsnummer (bestand)	13 910	14 110	14 254
Talet på gjenstandar (bestand)	1 313 562	1 366 503	1 418 679

Oversyn

Museumsstyret

Museumsstyret har ansvar for å fastsette overordna mål, prioriteringar og strategiar for museet innanfor rammer gjevne i regelverk og overordna vedtak.

Museumsstyret består av åtte medlemmer: tre eksterne representantar, ein studentrepresentant, tre faglege representantar og ein administrativ.

Styret for perioden 01.08.2017-31.07.2021 er samansett slik:

Leder: Axel Christophersen (ekstern)

Nesteder: Kari Nessa Nordtun (ekstern)

ANDRE FASTE MEDLEMMER:

John Peter Hernes.....	ekstern	
Magne Bartlett.....	studentrepresentant	
Wenche Brun.....	tilsettrepresentant	Undervisnings- og forskingspersonale
Krister Scheie Eilertsen.....	tilsettrepresentant	Undervisnings- og forskingspersonale
Astrid Johanne Nyland.....	tilsettrepresentant	Undervisnings- og forskingspersonale
Margareth Hana Buer.....	tilsettrepresentant	Teknisk-administrativt tilsette
<i>(fram til 1.11 då ho gjekk over i ein vitskapeleg stilling)</i>		
Ellen Tjørnholm Bøe.....	tilsettrepresentant	Teknisk-administrativt tilsette
<i>(1. vara fram til 1.11, deretter inn som fast representant etter Margareth Hana Buer)</i>		


VARAMEDLEMMER:

Annamaria Gutierrez.....	1. vara	eksterne medlemmer
Karl Kalthovd.....	2. vara	eksterne medlemmer
Trond Meling.....	1. vara	tilsettrepresentant Undervisnings- og forskingspersonale
Eli-Christine Soltvedt.....	2. vara	tilsettrepresentant Undervisnings- og forskingspersonale
Barbro Irene Dahl.....	3. vara	tilsettrepresentant Undervisnings- og forskingspersonale
Anne Kari Skår.....	4. vara	tilsettrepresentant Undervisnings- og forskingspersonale
Sigrid Alræk Dugstad.....	5. vara	tilsettrepresentant Undervisnings- og forskingspersonale
Ellen Tjørnholm Bøe.....	1. vara	tilsettrepresentant, Teknisk-administrativt tilsette
<i>(fast representant frå 1.11)</i>		

ADMINISTRASJON:

Ole Madsen.....	museumsdirektør, sekretær for styret
Marianne Finsnes Molineaux ...	administrasjonsdirektør, referent

Organisasjonsplan per 31.12.2019



Personalet

I 2019 hadde museet 85,9 årsverk fordelt på 92 tilsette. 40 personar var tilsette i vitskapelege stillingar (37,7 årsverk), og 52 personar i museumsfaglege og administrative stillingar (48,2 årsverk). Seks personar var knytte til museet gjennom ulike tiltak/ arbeidstrening i løpet av året.

Ein arbeider målretta for å halde talet på mellombels tilsette på et minimum, men på ein arbeidsplass med stor sesongprega prosjekt- og formidlingsverksemd kan ein likevel ikkje unngå ein viss del mellombelse stillingar. Det var dette året 14 feltarkeologar tilsett i mellombelse stillingar på prosjekt.

TABELLEN VISER TALLET PÅ ÅRSVERK VED UTGANGEN AV ÅRET:

Årsverk	2017	2018	2019
Alle stillingar	81,3	90,4	85,9

HMS

Som IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) har museet som mål å føre ein personalpolitikk som fremjar motivasjon og læreevne og som tek vare på helse og trivsel. Ein er oppteken av systematisk oppfølging av arbeidsmiljøet på ulike måtar. Annakvart år gjennomfører UiS ei medarbeidarundersøking som har som formål å bidra til å skape, oppretthalde og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø.

Sjukefråværet i 2019 var 4,98 %, ein oppgang frå 4,25 % frå året før. Sjukefråværet varierer frå år til år, og ut frå talet på tilsette vil sjølv mindre endringar i fråværet gje store utslag i prosentar. Sjukefråværet vert følgt systematisk opp i samsvar med rutinane for UiS og i samarbeid med NAV. Det fysiske arbeidsmiljøet vert følgt opp m.a. i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Vi har òg eit sterkt fokus på tilrettelegging av arbeid i felt.

Økonomi

Basisløyvinga til museet kjem over statsbudsjettet, som ein del av universitetet si løyving. I tillegg har museet oppgåver i medhald av lov om kulturminne, konserveringsoppdrag og omsetnad frå ei rekke aktivitetar. Av investeringar som vart gjort i 2019 kan nemnast nye magasinskap til ein mill. kroner, fornying av AV-anlegg i auditoriet og i møteromma på om lag 0,7 mill. kroner, der IT-avdelinga ved UiS finansierte halvdel, samt diverse inventar og utstyr til kontor, laboratorium mv.



Samla kostnader, medrekna eksternt finansierte oppdrag var inkl. investeringar på 90,2 mill. kroner mot 93,4 mill. kroner året før, mens den ordinære løyvinga var 44,3 mill. kroner.

Rekneskapen per 31.12.2019 viser eit resultat om lag i balanse.

Bygg

Arkeologisk museum disponerer 9850 kvadratmeter fordelt på hovudbygg, besøks-senteret på Jernaldergården, lager og utleigebustad. I samband med planane om nytt magasin- og formidlingsbygg kjøpte Statsbygg tre bolighus i museumskvartalet og eig med dette heile kvartalet. Statsbygg har ansvar for bygg med faste tekniske anlegg, medan museet eig inventar og utstyr.



AmS er en sentral formidlingsinstitusjon i regionen og har et stort nasjonalt og internasjonalt nettverk. Denne kompetansen ønsker museet å sette inn i arbeidet med å være en formidlingsaktør for hele universitetet.

UiS sine tilsettesider
24.6.2008

Rekneskap	2017	2018	2019
Løyving	42,4	43,8	44,3
Eigeninntekter	3,4	5,6	5,9
Interne overføringer	1,9	2,1	1,1
Eigenandel prosjekt	-0,2	-0,2	-0,4
Investeringar	-5	-6,7	-3,4
Inntekter	42,5	44,6	47,5
Løn	-43,7	-47,5	-49,3
Vareforbruk	-0,9	-0,9	-1,1
Varer og tenester	-8,6	-7,3	-8,6
Reisekostnader	-1,6	-1,1	-1,5
Interne overføringer	3	3,1	4,1
Overhead	9,4	9,3	9,1
Kostnader	42,4	44,4	-47,3
Resultat	0,1	0,2	0,2



10 år som Universitetsmuseum

OO RAGNHILD NORDAHL NÆSS

1. januar 2009 vart Arkeologisk museum ein del av Universitetet i Stavanger (UiS), og 10-årsjubileet vart markert på ulike vis gjennom heile året.

Arkeologisk museum har ei lang historie. I 1877 vart Stavanger Museum danna. I 1975 vart arkeologisk avdeling skild ut frå Stavanger Museum og etablert som ein eigen statsinstitusjon under namnet Arkeologisk museum i Stavanger. Og i 2009 vart museet altså eit universitetsmuseum.

Den store markeringa av 10-årsjubileet skjedde 19. juni, då forskingsminister Iselin Nybø besøkte Arkeologisk museum. Ho fekk vere med 4. trinn frå Jåtten skule i Stavanger. Elevane kom til museet for å treffe forskarar, etter at dei hadde vore med på ei arkeologisk utgraving tidlegare den våren. Ministeren fekk

øg høyre om den store kunnskapsproduksjonen som har vore gjort på museet dei siste ti åra.

Etter at Arkeologisk museum vart eit universitetsmuseum har det vore ei kraftig auke både når det gjeld publisering av forskning og talet på vitsskapelege tilsette som auka frå 25 i 2009 til 40 i 2019. Og museet har gått frå å ha null til i dag å ha fire doktorgrads-stipendiatar finanserte av Kunnskapsdepartementet.

- Universitet i Stavanger og Arkeologisk museum gjev oss eit kunnskapsmiljø som ser framover - som bidreg til at vi kan ta tak i vår tids store utfordringar. AM er eit kunnskapsmiljø som ser bakover - som tek vare på historia og kan fortelje kor vi kjem frå, og kven vi var, sa forskingsminister Iselin Nybø i sin bursdagstale til museet.

Det vart ikkje opna store utstillingar i 2019,

men museet fekk sølvringane frå Sæbø i Hjelmeland på utlån frå Nationalmuseet i København. Dei skapte stor merksemd, og frå 2020 vil ringane vere ein del av vikingtidsutstillinga *Utferd*.

Fire av dei sju tysdagsforedraga vart haldne av forskarar frå ulike fakultet på UiS. Godt over 900 gjester kom på tysdagsforedraga i 2019. Museet hadde òg eit godt år med tanke på det totale besøket i jubileumsåret. Både skuletenesta og utleigetenenesta hadde auke i sine besøkstal, og medverka sterkt til det gode besøket.

Heilt på slutten av jubileumsåret kom det ei stor nyheit: To av museet sine forskarar fekk til saman 20 millionar kroner til to nye forskingsprosjekt.


Så det er ikkje tvil om at Arkeologisk museum går inn i eit nytt tiår med godt driv!





Fra første januar er Arkeologisk museum i Stavanger offisielt en del av Universitetet i Stavanger. Dette er resultatet av en lang samarbeidsavtale. Sammenslåingen håpes å styrke forskningen i regionen, samt å formidle museets nettverk til Universitetet. Statsråd Tora Aasland mener dette gir store muligheter for begge parter. - Jeg er glad for sammenslåingen. For museet gir den en akademisk tilknytning, og for UiS' forskere gir den tilgang til arkeologisk kompetanse på høyt nivå, uttalte Aasland da hun offentliggjorde planene ved semesterstart i høst.

Smis 7. januar 2009



Forsidefoto: Museet har fått låne sølvringane frå Sæbø i Hjelmeland frå Nationalmuseet i København, i fyrste omgang i fem år. Foto: Annette Øvrelid, Arkeologisk museum, UiS.

1. Forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø beundrar dei vakre sølvringane frå Hjelmeland som er utstilte på Arkeologisk museum. Foto: Annette Øvrelid, Arkeologisk museum, UiS.

2. Husfruas hall opna våren 2019 i ny, gamal drakt. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

3. Fleire hundre skuleelevar på Hjelmeland fekk ein heil føremiddag med museumsundervising i nærmiljøet sitt. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

4. På Jåtå i Stavanger kjem det eit nytt bustadfelt, og då må arkeologane fyrst dokumentere fornminna. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

5. Ei av dei arkeologiske undersøkingane dette året var på Auklend, Tau i Strand kommune. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

6. Omvisingane i langhusa på Jernaldergården er alltid like populære. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

7. Den nye kafeen på Jernaldergården er til tider svært godt besøkt. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

8. Ei utstilling av publikasjonane som museet sine forskarar har gjeve ut i dei ti åra som universitetsmuseum var opna med statsråd Iselin Nybø til stades. Foto: Annette Øvrelid, Arkeologisk museum, UiS.

9. Professor Morten Tønnesen, UiS heldt tysdagsforedrag i auditoriet på Arkeologisk museum hausten 2019. Foto: Helge Sivertsen.

10. Husfrua besøkte Hjelmeland då kommunen arrangerte ringfest i samband med 250-års jubileet for sølvringane frå Sæbø. Foto: Arkeologisk museum, UiS.

11. Sølvringane frå Sæbø i Hjelmeland som museet har fått låne frå Nationalmuseet i København, vil vere utstilte i den nye vikingutstillinga «Utferd» som opnar i 2020. Foto: Annette Øvrelid, Arkeologisk museum, UiS.

Baksidfoto: Statsråd Iselin Nybø og museumsdirektør tek det første stykket av bursdagskaka i høve 10-årsjubileet for Arkeologisk museum som universitetsmuseum ved UiS. Foto: Annette Øvrelid, Arkeologisk museum, UiS.



ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger
www.arkeologiskmuseum.no
ISBN 978-82-7760-188-5